



Svein Helge Skjelanger
Paradisvegen 37
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1189 - 15/19330

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
28.10.2015

Retting av eigedomsgrenser på Skjelanger GBNR 55

Syner til tidlegare utsendingar i denne saka og til dykkar besøk på vårt kontor i sommar.

De ville samla grunneigarane på Skjellanger og gje meg ei tilbakemelding på om det var råd å verta samd om noko her.

Det var eit par ting som var uklart:

- Kor mange partar var med i dette felleseiget? Skal bnr. 2, 14 og 15 også vera med i dette sameiget, sjølv om dei ikkje var opplista på jordskiftekartet?
- Sjøholmen ligg i dag i kartet til 52/12. Eigar av 52/12 seier at Store Sjøholmen er felles, men at små-Sjøholmen tilhøyrer 52/12. Dette betyr at han meiner han eig holmen der felles molo til småbåtanlegget landar i dag.
- Det er ikkje samsvar mellom jordskiftesakene for utmark og innmark. Tekstdelen til eine seier at Sjøholmen er felles medan det andre kartet viser at denne høyrer til 52/12. Det var heller ikkje operert med namn på fleire Sjøholmar i jordskiftesaka.

Har det skjedd noko på denne fronten sidan dykkar siste besøk?

Dersom det ikkje har vore noko kontakt som gjer håp om eining, vert denne rettesaka avslutta og de vert oppmoda om å ta saka inn som klarlegging av grenser for jordskifteretten. Då desse grensene er så gamle som dei er, vil det beste for alle partar nok vera at jordskifteretten får saka til avklaring av rettar og oppfrisking av eigedomsgrenser.

Ein ber om at de kjem med tilbakemelding på dette innan 3 veker frå de mottek dette brevet, elles vil kommunen sende ut brev til alle partar om at saka om retting ikkje førte fram og vert avslutta.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Svein Helge Skjelanger

Paradisvegen 37 5917

ROSSLAND